

Liturgisk musikk i rytmisk tradisjon- kriterier

Allmenn hovudserie 2 bør:

- vere ein heilskapleg serie
- ha bakgrunn i rytmisk musikktradisjon
- vere slitesterk
- ligge godt til rette for felles sang i forsamling
- ha godt samsvar mellom tekst og musikk, god tekstdeklamasjon og god tekstflyt
- fungere optimalt i *den liturgiske konteksten*
- vere *skreddarsydd for eit band* med tangentar, trommer, bass og gitar
- *fungere godt* på orgel, samt fungerer godt for band og orgel i samspel
- ha melodiar som er tilgjengelege, og har ein «hook» - ein musikalsk idé, ei frase eller ein passasje, som «fangar øyret». Melodiane *har noko ved seg*.
- ha ein *tydeleg puls*, og få eller ingen taktskifter innad i det enkelte ledd
- ha melodiar som er *gode å synge*, og gjerne har eit litt mindre ambitus (omfang, avstand mellom lågste og høgst tonen i melodien) enn i dei andre hovudserieane
- ha harmonisk og melodisk *framdrift og løft*

Liturgisk musikkutval (LMU), som skal vurderer dei innkomne forslaga, har diskutert korleis vi i denne samanhengen skal forstå omgrepet «rytmisk tradisjon», som er mangefasettert. LMU ønsker ikkje at hovudserien Allmenn 2 skal ha for spesifikke stiltrekk frå ein eller nokre få rytmiske sjangrar, som til dømes gospel eller jazz.

Gloria

Gloria – Lovsong, finn stad tidleg i gudstenesta, og følger rett etter leddet Kyrie. Her er det naudsynt med musikk til den fullstendige forma av Gloria. Første del av den fullstendige Gloria, både tekst og musikk, skal vere heilt lik den korte forma av Gloria, som må kunne stå på eigne bein.

Gloria har sin bakgrunn i englesangen på Betlehemsmarkene i forbindelse med Jesu fødsel, som vi kan lese om i Lukas 2,8-14:

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song: «Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske Gud har glede i!»

Gloria (Lovsong/Lovsang) – tekstgrunnlag, fullstendig form

Liturg (L) eller Medliturg (ML)

(nynorsk) Ære vere Gud i det høgste /

(bokmål) Ære være Gud i det høyeste

Kyrkjelyd (K)/ Menighet (M)

og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

(omkved) Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg /

Vedlegg til brevet «Liturgisk musikk i rytmisk tradisjon»

og fred på jorden blant mennesker som Gud har glede i.
(omkved) Vi lover deg, vi priser deg, vi tilber deg, vi opphøyer deg.

Medliturg (forsongar eller kor):

Lova vere Gud, vår skapar, vi jublar over dine verk/
Lovet være Gud, vår skaper, vi jubler over dine verk

Omkved: Vi lovar deg...

Medliturg (forsongar eller kor):

Lova vere Jesus, vår frelsar, du viser oss vegen til liv/
Lovet være Jesus, vår frelser, du viser oss veien til liv

Omkved: Vi lovar deg...

Medliturg (forsongar eller kor):

Lova vere Anden, vår trøystar, du fyller oss med glede og fred/
Lovet være Ånden, vår trøster, du fyller oss med glede og fred

Omkved: Vi lovar deg...

Gloria (Lovsong/Lovsang) – teksgrunnlag, kort form

Liturg (L) eller Medliturg (ML)

(nynorsk) Ære vere Gud i det høgste /
(bokmål) Ære være Gud i det høyeste

Kyrkjelyd (K)/ Menighet (M)

og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg /
og fred på jorden blant mennesker som Gud har glede i.
Vi lover deg, vi priser deg, vi tilber deg, vi opphøyer deg.

Sanctus

Sanctus - Heilag utgjør eit høgdepunkt i gudstenesta, og dette leddet er eit av dei eldste liturgiske ledda i den kristne gudstenestefeiringa. Teksten til dette leddet er henta frå Jesaja 6, der profeten Jesaja opplever serafane si evige tilbeding, som vi sluttar oss til i gudstenesta: «I det året då kong Ussia døydde, såg eg Herren sitja på ei høg og opphøgd trone, og kanten på kappa hans fylte tempelet. Serafar stod andsynes han. Kvar av dei hadde seks venger. Med to dekte dei andletet, med to dekte dei føtene, og med to flaug dei.

Dei ropa til kvarandre:

«Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot.
Heile jorda er full av hans herlegdom.»

Røysta som ropa, fekk boltane i dørtersklane til å rista, og huset vart fylt av røyk.» (Jesaja 6, 1-4)

Sanctus-leddet vert avslutta med «Benedictus», «Velsigna vere han som kjem i Herrens namn». Teksten er henta frå Salme 118, 26: «Velsigna er han som kjem i Herrens namn!», og viser til Jesus som reid inn i Jerusalem på palmesundag, henta frå Matteus 21, 9:

Og folket som gjekk føre, og dei som følgde etter, ropa:

Hosianna, Davids son!

Vedlegg til brevet «Liturgisk musikk i rytmisk tradisjon»

Velsigna er han som kjem i Herrens namn!

Hosianna i det høgste!

Musikken til Benedictus er gjerne meir tilbaketruken enn «Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot» og «Hosianna i det høgste». «Sebaot» tyder «(himmelske) herskarar». «Hosianna» tyder «Å, frels!» eller «Gi frelse».

Ved gudstenester på høgtidsdagar og ved andre særskilte høve, kan ein ringe med alle klokkene under Sanctus.

Sanctus (Heilag) – tekstgrunnlag

Kyrkjelyd (K)/ Menighet (M)

Heilag, heilag, heilag er Herren Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste./

Hellig, hellig, hellig er Herren Sebaot. All jorden er full av din herlighet. Hosianna i det høyeste. Velsignet være han som kommer i Herrens navn. Hosianna i det høyeste.